

Europakommisjonens framlegg til ny migrasjonspolitikkk drøfta i Europaparlamentet

Innberetning fra Per S. Nestande, Stortingets Brusselkontor

24. september 2020

- *Kommisjonen tek til orde for betre samarbeid med tredjeland, styrka grensekontroll og styrka solidaritet internt i EU i framlegget til migrasjonspakt.*
- *Europaparlamentet justiskomiteé hadde blanda reaksjonar og mange spørsmål til framlegget, ikkje minst om korleis det i praksis skal sikrast at alle medlemslanda tek sin del av ansvaret framover.*
- *Mange i Europaparlamentet var også opptatt av legale migrasjonsruter og å sikre ein reell rett til å søke asyl, men også av å sørge for at EU har kontroll med migrasjonssituasjonen.*

Europakommisjonen [la i går fram si såkalla migrasjonspakt](#). Kommisjonen skriv i pressemeldinga at dei ulike elementa i framlegget tek sikte på raskare og betre prosedyrar for heile asyl- og migrasjonsprosessen. Systemet skal vere basert på solidaritet og ansvar og bidra til bygge opp igjen tilliten mellom medlemslanda på migrasjonsområdet og den generelle tilliten til at EU kan handtere migrasjonen. Samstundes skal EU respektere sine humanitære plikter. Kommisjonen legg mellom anna vekt på at andre medlemsland må hjelpe dei medlemsland som opplev kriser. Kommisjonen tek til orde for det som blir omtalt som fleksible bidrag som kan omfatte til dømes å overta ansvaret for asylsøkarar frå landa dei fyrst kjem til, eller ta ansvar for retur av dei som ikkje har rett på opphald. På EUs yttergrenser skal det raskt avklarast om migrantane har rett på asyl. Alle skal gjennom ein helse- og sikkerheitssjekk og registrerast med fingeravtrykk i Eurdac-basen. Det blir også lagt vekt på å bygge eit tettare samarbeid med opphavs- og transittland. Det er eit mål å stanse menneskesmuglarar og opne for legale migrasjonsruter. I tillegg skal kontrollen med yttergrensene styrkast. [Pakken som kom i går omfattar](#) i tillegg til ei melding, framlegg til ei rekkje rettsakter, rekommandasjonar og retningslinjer.

Visepresident i Europakommisjonen Margaritis Schinas og innanrikskommissær Ylva Johansson presenterte framlegget i borgarretts-, justis- og innanrikskomiteen i Europaparlamentet i dag, jf. også denne [pressemeldinga frå Europaparlamentet](#). Schinas la vekt på at det er den manglande felles migrasjonspolitikken i EU som er årsak til situasjonen som Moria-leiren har vorte eit symbol på. Kommisjonen har hatt intense konsultasjonar med alle medlemslanda og dei politiske gruppene i Europaparlamentet og har prøvd å finne ein veg mellom dei ulike landas posisjonar. Han samanlikna framlegget som eit hus med tre etasjar der tilhøvet til tredjeland, handtering av yttergrensene og interne reglar og samarbeid utgjør kvart sitt nivå. Eit sentralt prinsipp i det siste er solidaritet med medlemsland i krise, solidaritet i samband med leite- og hjelpeaksjonar og solidaritet med medlemsland som står overfor migrasjonspress.

Johansson la mellom anna vekt på at migrasjon er normalt og handterleg. EU er avhengig av migrasjon for å sikre økonomisk vekst. Samstundes er omfanget av ikkje-regulert migrasjon

så lavt at EU-landa i fellesskap kan handtere det. Vi må senke skuldrene i migrasjonsdebatten sa ho. Det er viktig å arbeide med legale migrasjonsruter og Kommisjonen vil mellom anna leggje fram eit rammeverk for innvandring personar som har låge eller middels formelle kvalifikasjonar. Generelt er det viktig å sikre retten til å søke asyl for alle utan at det betyr at alle har rett på asyl. Det er derfor viktig med raske vurderingar og rask retur av dei som ikkje skal ha opphald. For dei som skal ha opphald er rask integrering viktig.

Reaksjonane frå parlamentarikarane var blanda og til dels avventande. Det var mange spørsmål om korleis dei ulike elementa vil fungere i praksis. Dei fleste var samde i behovet for endringar, men som venta la dei ulike gruppene vekt på ulike aspekt knytt til dette. Mange spurte korleis Kommisjonen kan sikre at alle landa tek sin del av ansvaret når det kjem til stykket.

Sentrum-høgre (EPP) var opptatt av at landa i sør må få meir hjelp. Det er positivt at alle land blir forventa å ta eit ansvar, men kva vil skje med medlemsland som likevel ikkje tek sin del av ansvaret? Det er viktig å stanse rutene for menneskesmugling. Gruppa lurte på korleis framlegget vil handtere sekundærflytting mellom landa.

Sentrum venstre (S&D) var opptatt av at tredjeland allereie tek ein stor del av ansvaret for migrasjonsutfordringane i verda. Kommisjonen har gjort framlegg om ein returkoordinator, men burde det ikkje også vore koordinatorar for flytting og busetting av migrantar? Det er viktig å unngå internering på yttergrensene og å sikre reelle klagemuligheiter også i samband med den fyrste gjennomgangen som skal skje der. EU må handtere den prekære situasjonen i Middelhavet og hindre at folk druknar.

Den liberale gruppa (Renew) var glad for at Kommisjonen har lagt eit grunnleggjande humanistisk prinsipp til grunn og vil ha ei konstruktive halding framover. Medlemslanda må nå ta ansvar og mellom anna gå vekk frå prinsippet om konsensus i Rådet for vedtak på dette området. Renew er opptatt av lovlege migrasjonsruter og raskare prosedyrar. Det er viktig at Kommisjonen ikkje godtek at medlemslanda ulovleg presser migrantar tilbake i Middelhavet eller på grensene og at grunnleggjande rettar blir respektert på grensene. Samstundes må EU sikre kontroll på yttergrensene. Gruppa lurte også på korleis det skal avgjerast om det er ei krise som skal utløyse solidaritet og spurte om dagens situasjon i Hellas kvalifiserer som ei krise.

Ytre høgre gruppa (ID) meinte vurdering av asylsøknadar må kunne skje i opphavslanda og transittlanda. Kommisjonen bør også bruke utviklingshjelpa som pressmiddel for å sikre at tredjeland samarbeider.

Den grønne gruppa stilte seg tvilande til om framlegget til ny pakt vil bidra til reell betring på grensene og hindre nye Moria-leirar. Dagens situasjon i Middelhavet er skamfull for EU. Det er viktig å hjelpe dei som har behov for det, men gruppa meinte mykje av framlegget i realiteten var steg i retning av meir av ei festning.

Den konservative gruppa (ECR) var opptatt av gode system for å skilje mellom migrantar med og utan behov for beskyttelse. Gruppa ynskjer at fleire skal blir sjekka i transittlandet og av å hindre at menneske reiser frå tredjelanda i det heile tatt. Alle tiltak som kan redusere ulovleg migrasjon er positivt.

Ytre venstre-gruppa (GUE/NGL) lurte på kva reelle, bindande verkemiddel som ligg i framlegget for å sikre at alle medlemslanda samarbeider. Det er viktig å sikre ein reell rett til asyl i samsvar med internasjonal rett. Gruppa meinte framlegget minner meir om ei festning enn eit hus og lurte på om framlegget i det heile vil endre tilhøvet mellom dei ulike landa. Vil Polen og Ungarn og dei andre Visegrad-landa få ansvaret for retur, medan dei andre landa som i dag tek ansvar for busetting av migrantar?

I sine kommentarar la Johansson mellom anna vekt på at det er mogleg å gjere ei korrekt og forsvarleg vurdering av den enkelte asylsøkar på fem dagar og viste til at fleire medlemsland klarer det allereie i dag. Det vil aldri vere mogleg å returnere alle som ikkje har krav på asyl, men dagens returdel på 30 prosent er alt for låg. Ho stadfesta at dagens situasjon i Hellas er ei krise som ville kvalifisere til støtte frå dei andre landa etter pakta.

Schinas oppsummerte reaksjonane med at ingen hadde vore spesielt entusiastiske, men at det heller ikkje var nokon som hadde avvist pakken kategorisk. Han sa pakken sikrar grunnleggjande rettar. Den omfattar mellom anna sikkerheitsmekanismer og uavhengig overvaking og familiar med små barn vil vere unntatt frå den vanlege gjennomgangen på grensa. Kommisjonen ynskjer eit positivt samarbeid med tredjeland. Det er uaktuelt å bruke sanksjonar eller aggresjon og Kommisjonen vil legge vekt på å utvikle likeverdige partnerskap med desse landa. Det er heller ikkje aktuelt eller realistisk å sette ut handteringa av migrantane til tredjeland slik ytre høgre har gjort framlegg om. Eit viktig element i framlegget er å registrere alle. Dette vil også sikre betre kontroll også med sekundærflytting. Samla meinte han det er grunn til optimisme for at det er mogleg å få til semje og sa det nå er viktig å drøfte dei ulike elementa grundig.

Med beste helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no
www.stortinget.no